



Skjervheimseminaret 2021

PRAKTISK KLOKSKAP

Seminaret tar utgangspunkt i Aristoteles sitt omgrep «fronesis», som kan omsetjast til praktisk klokskap eller dømmekraft – evna til å handla på ein klok måte. Vi skal særleg sjå på korleis akademisk kunnskap viser att i praktisk klokskap i samfunnsliv og politikk.

FREDAG 10. SEPTEMBER

Hilde Vinje

Aristoteles om fronesis.

LAURDAG 11. SEPTEMBER

Vigdis Vandvik

Vår avhengighet av naturen, viser det igjen i politikken?

Gunn-Britt Retter

Urfolkskunnskap og søken etter gjensidighet i naturen.

Utdelinga av Skjervheimprisen 2020

Ingerid Straume

Den folkelige fornuft: utdanningens betydning for folkestyre.

Jon Bojer Godal og Lena Lindgren

Samtale om handlingsbåren kunnskap.

SUNDAG 12. SEPTEMBER

Jan Grue

Kroppen i verden. Om funksjonshemming og praktisk kunnskap.

Gunnar Yttri

Den gode dømmekrafta og det nye universitetet.

Andreas H. Hvidsten: EPILOG

www.skjervheimseminaret.no

Føredragshaldarar:



Hilde Vinje er førsteamanuensis ved institutt for religion, filosofi og historie, Universitetet i Agder. Ho har doktorgrad i filosofi frå UiO, der ho mellom anna arbeida med Aristoteles sin filosofi. I sitt føredrag vil ho snakka om Aristoteles sitt omgrep om praktisk klokskap, *fronesis*, og om korleis denne klokskapen skil seg frå teoretisk kunnskap og kløkt. Fronesis viser seg i godt utført handling, og føreset evna til å tenkja vel gjennom kva som bidreg til målet.



Vigdis Vandvik er professor i økologi ved institutt for biovitenskap, UiB. Ho har forska på planteøkologi, biodiversitet og globale endringar. I sitt føredrag vil ho snakka om kor sterkt menneske sin eksistens er knytt til resten av naturen, og kor avgjerande det er at menneske viser respekt for den gjensidige avhengigheita mellom artane. Ho vil visa døme på politikk som viser ei slik innsikt, og på politikk der dette perspektivet manglar.



Gunn-Britt Retter er leiar for arktisk miljøavdeling i Samerådet. Ho er sjøsame og kjem frå bygda Unjårga – Nesseby i Øst-Finnmark. Ho har i mange år arbeida med miljøspørsmål i Arktis, og er mellom anna oppteken av dei omkostningane klimaendringane har for samane. For det første må dei endra levevis, då livsgrunnlaget er truga eller fell bort. For det andre vert deira levesett råka av politisk styrte tiltak for å kompensera for klimaendring. I sitt føredrag skal ho også snakka om urfolkskunnskap og søken etter gjensidighet i naturen.



Ingerid Straume forskar og skriv om politiske spørsmål og pedagogisk filosofi. Ho arbeider til dagleg som leiar av Akademisk skrivesenter, UiO. I foredraget tar ho eit politisk blick på spørsmålet om kva utdanning er, og kva den kan vera til. Utgangspunktet er at legitimiteten til det moderne folkestyret kviler på samvirket mellom ulike former for kunnskap, som vitenskap, politisk og teknisk ekspertise og folkeleg-praktisk fornuft. Til saman dannar dei ein skjør allianse som kan øydeleggjast dersom kunnskapen ikkje lenger vert opplevd som meningsfull.



Jon Bojer Godal har formidla om handlingsboren kunnskap i mange tiår, og har særleg arbeidd med bruk av tre i hus og båtar. Han har skriva i alt 13 bøker om tre og handverk, og har fått mange utmerkingar for arbeidet sitt. I 2015 vart han kommandør av St. Olavs orden. På seminaret skal **Lena Lindgren** samtala med han om handlingsboren kunnskap. Lindgren er forfattar og politisk kommentator i Morgenbladet.



Jan Grue er forfattar og har doktorgrad i språkvitenskap. Han er professor i kvalitativ metode ved Institutt for spesialpedagogikk, UiO, og er redaktør for Nytt Norsk Tidsskrift. Han er ein produktiv og kritikarrost skribent, og i sitt føredrag skal han snakka om kroppsleggjort erfaring, funksjonshemming, sårbarheit og ulike verdsettingar av arbeid. Grue vil mellom anna drøfta kor viktig praktisk kunnskap er for å forstå korleis funksjonshemming oppstår som sosialt fenomen.



Gunnar Yttri er rektor ved Høgskulen på Vestlandet, som er på veg til å bli eit såkalla profesjonsuniversitet. Han er historikar med doktorgrad frå UiO, og har mellom anna forska på lokalhistorie og han har skriva bok om Høgskulen i Sogn og Fjordane. I sitt føredrag skal han snakka om samanhengen mellom akademisk kunnskap i profesjonsfag og praktisk klokskap i yrkesutøving. Han vil peika på faktorar som kan styrkja eller hemma eit gjensidig samvirke mellom akademia og praksisfeltet.